



Tingvoll, 20.8.2020

Miljødirektoratet
v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KLAGE – FELLINGSLØYVE PÅ SKADEGJERANDE JERV I FJORD KOMMUNE

Vi viser til dykkar ref 2020/3864.

Naturvernforbundet klagar på vedtak om fellingsløyve, dagsett 14.8.2020, gjort kjent på Miljøvedtaksregisteret 20.8.2020

Naturvernforbundet arbeidar spesielt med biologisk mangfald. Viss det er spørsmål om vår klagerett, kan vi gjere nærare greie for den på førespurnad.

Vi ber om at løyvet blir gjort om til avslag.

Forvaltingsplanen - forvaltingsområdet

Det er eit ganske grunnleggande prinsipp i rovdyrforvaltinga at det er skil mellom forvaltingsområde for rovdycet, og beiteprioritert område. I beiteprioritert område blir det gjeve fellingsløyve omtrent på strak arm når det blir observert rovdycet. Dette er mogleg berre som følgje av at det finst område der det er rovdycet som får rå, der vilkåra er vesentleg strengare. I forvaltingsområdet skal eventuell beiting skje på rovdycra sine premiss. Blir det konflikt, så er det beitinga som må innrette seg.

Det er dette prinsippet som i stor grad gjer at Naturvernforbundet ikkje klager på alle vedtak rovviltneemd og andre mynde gjer i rovdycsakene. Det er difor rovviltmynde kan møtast utan å passere ei folkemengde med sinte plakatar. Viss beitenæringa og rovviltmynde trur at ein kan gje fellingsløyve omtrent på same måten både i beiteprioritert område og i forvaltingsområde utan at dette fører til auka konflikt, så er det på tide å revurdere noko. Naturvernforbundet meiner det er viktig å ha ein debatt og ikkje ein krig om dette. Vedtaket av 14.8.2020 og det som blei gjort i Rauma 17. og 22.7.2020 går over ei viktig grense.

Tiltak for å innrette beitenæringa til jerven sine behov i forvaltingsområdet for jerv

I Fylkesmannen sitt vedtak finn vi følgjande om det beitenæringa har gjort for å tilpasse seg jerven i forvaltingsområdet:

1. Nedst side 1: *“Dette sett i samanheng med tidligare års skadehistorikk gjer det rett å gjere eit forsøk på å avgrense skadane ved å felle jerv.”*

Problemet er altså kjent over tid, og likevel blir det ikkje nemnt eit einaste tiltak for å tilpasse beitenæringa til situasjonen.

2. Nedst side 3: *“Skadefelling er eit verkemiddel for å løyse ein akutt skadesituasjon i eit område.”*

Når Fylkesmannen først har slått fast at dette er eit tilbakevendande problem, så er vel ikkje dette eit tilfelle som kan løysast med skadefellingsløyve. I alle fall ikkje i forvaltingsområdet.

3. Øvst side 4: *“Det er påvist at jerven i år har starta å valde skade på sau i eit område der det tradisjonelt har vore problem med jerveskade i fleire buskapar.”*

Nok ein gong er det tale om tradisjonelle jerveskadar som Fylkesmannen prøver å løyse med feil verkemiddel.

Klage som ikkje er avgjort

Det blir vist i vedtaket til at skadefelling vil gå av kvote for lisensfelling av jerv i dette området. *«Rovviltnemnda har for den kommande lisensfellingsperioden fastsett ei kvote på 2 jervar for forvaltingsområdet for jerv i Møre og Romsdal.»* Det høyrer då med å seie at Naturvernforbundet har klaga på det vedtaket. I det ligg det ein moglegheit for at rovviltnemnda sitt vedtak kan bli omgjort. Departementet har lagt opp til tidsfristar for vedtak og klage slik at klager kan bli avgjort før jakta begynner, nettopp fordi det er viktig å avgjere klagen i tide. Dette sidan skotne dyr ikkje kan gjenopplivast sjølv om klaga får medhald. Viss Fylkesmannen vil argumentere på dette viset, bør det i det minste bli gjort ei vurdering av oppsetjande verknad av nemnte klage, før ein kan «ta i bruk» denne kvota. Sidan det er andre enn Fylkesmannen som handsamar denne klaga, bør Fylkesmannen medverke til at oppsetjande verknad blir eit tema.

Storleiken på forvaltingsområdet

I samband med at øvre Sunndal blei tatt ut av forvaltingsområdet i 2017, blei det ikkje gjennomført ei vurdering av om attverande forvaltingsområde er stort nok for over tid å huse ein stor nok del av den sørvestlege delbestanden for jerv. Rovviltnemnda tok ikkje stilling til dette spørsmålet då dei gjorde kvotevedtak med løyve til 2 jervar sist, og Fylkesmannen tar i praksis eit jafs av det same arealet, først med vedtaket for Rauma og no for Fjord, utan at dette store spørsmålet blir skikkeleg gjennomgått. Dette er ugrei sakshandsaming med omsyn til naturmangfaldlova § 10.

Oppsetjande verknad

Vi ber om at klaga vår får oppsetjande verknad. I så måte viser vi til den klagehandsaminga som går for kvotedtaket gjort av nemnda tidlegare i år.

Vi viser elles til vår klage av 27.7.2020.

Vi har ellers sett det nødvendig å levere denne klagen straks. Det gjer det litt vanskelegare å gå i djupna på enkelte moment.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi:
Miljødirektoratet
Klima- og miljødepartementet